

MARS - RUTINA

1. Formannskonferansene i april

2. Sommarlærir

3. 17.mai

4. Møte om Fagleg Program

5. Rapportering på folk som skal i militæret

Oslø 21/2 1975

Organisasjonsutvalet

FORMANNSKONFERANSENE I APRIL

OU tok initiativ til disse konferansen ut frå behovet i 1.mai-arbeidet. Vi meiner at diskusjonane om 1.mai ikkje treng meir enn ein dag. Og ut frå at folk fyrst var samla, foreslo vi å lage ein konferanse over to dagar og ta opp valkampen den andre dagen. Vi vil stille Distriktsttyra fritt om dei vil gjennomføre denne andre dagen, eller om dei meiner at behovet for val-utkjør er sikra på anna vis. - Vi meiner at det bør vera to dagar i deiira distrikt.

I siste rutine sto det at OU skulle ha det politiske ansvaret for konferansane - dette vil vi gjerne modifisere/endre. DS må ha den politiske leiinga for konferansen (på same vis som DS leier resten av 1.mai- og val-arbeidet). OU vil stille med ein "representant" på alle konferansane, og vi vil gjerne kome til med eit 10-minutts innlegg om kva vi ser som sentralt. For øvrig må DS sikre innleiingane.

OU vil halde hovedinnleiinga på konferansen. DS må bu seg på å oppsummere politiske og taktiske problem lokalt og reynslene frå massemobiliseringa i distriktet.

Dagsorden:

1. Den politiske og taktiske stoda
2. Vår politiske linje, sentralt og lokalt
3. Organiseringa av 1.mai-mobiliseringa
4. Ymse - KK-bestilling, avtaler om rapportering, taler o.l.

Kommnetarar: Vi tar ei kort drøfting på det første punktet og bruker det meste av tida på 2 og 3. Det er uråd å si nå kva som vil vera dei sentrale problema i april, men vi kan nemne: arolene mot supermaktene, partiseksjon i toget, tilhøvet til SV, dei viktigaste klassekampparolane osv. Punkt 3 må i hovedsak drøftast ut frå den loklae stoda, med sikte på å få fram reynslar frå massearbeidet frå stad til stad, drøfting av taktikken i frontar, metoder for skiping av lokale komitear osv. Til punkt 4 må alle avdelingar varslast om at dei tar med bestilling av KK sitt 1.mai-nummer. Dermed sparar vi mykje ekstra-arbeid både for KK-distribusjonen og andre, og KK kan i god tid planlegge kor stort opplag dei treng 1.mai. Vidare er dette siste frist for å varsle frå plassar som vil ha talar sentralt frå. Til sist vil vi ha med eit opplegg for rapportering på 1.mai-arbeidet.

Framlegg til dagsorden for valkampdiskusjonen:

1. Målsettingane med valkampen. Dei politiske hovedsakene
2. Valkampen. Innrettinga. Valkampformer/organisering av RV. Økonomien.
3. Liste. Program.

Der vi skal ha valdiskusjon tek vi opp dagsorden til drøfting 1.dag og vedtek han endeleg.

Til slutt vil vi minne om fristen 1.mars for å melde frå om de er samde i den datoen som vi foreslo. Innan den dagen vil vi og vite om DS legg opp til ein eller to dagar.

SOMMARLEIR

Vi viser til artikkel i mars-nummeret av Tjen Folket. Og vi minner om at sommarleiren skal droftast på avdelings- eller stadlagsmøte.

17.MAI

Blir det i år og. Vi vil kome attende med hovedparolane for dagen, men vi meiner det vi vera ein fordel å klare av tidleg kor vi tek sikte på demonstrasjon. Vi meiner det skal vera demonstrasjon i Vi ber DS vurdere om det skal vera demonstrasjon i For øvrig meiner vi dei fleste bør planlegge ei viss markering av dagen.

MØTE OM FAGLEG PROGRAM

FU har laga eit debattopplegg for drøftinga av det siste utkastet til Fagleg Program dom er trykt i TF for mars. Det er ikkje lagt opp til ei obligatorsik drøfting av utkastet, men skal det bli bra, treng vi kommentarar. Vi vil oppmode DS evt. FU til å organisere frivillige diskusjonar om utkastet. Og vi vil sterkt oppmode DS og andre med kommentarar og kritikk til å sende han inn snarast råd er. (OU-adresse.)

RAPPORTERING PÅ FOLK SOM SKAL I MILITÆRET

Dette er ein fast instruks for rapportering når partimedlemmer skal i militæret. Vi treng: navn

heimstadadresse

når dei er utkalt

våpengreim, forlegningom dei veit det

militært nummer

Dette skal overleverast (ikkje sendast) til OU. Kan leverast saman med kvartalsinnbetaling av kontingent, levering av kvartalsrapport.